

Tabell B-fk

Overgangsordninga for fylkeskommunane

I 2019 vil fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2015 vere fasa inn og få fullt utslag i rammetilskotet til fylkeskommunane. I 2019 er det difor ikkje lenger ei gjeldande overgangsordning som følgje av endringane i inntektssystemet i 2015 . Det vises difor heller ikkje tabellar for overgangsordninga i 2019.

Overgangsordninga blei innretta slik at fylkeskommunar som fekk ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2015, fekk att 4/5 av reduksjonen første året i overgangsordninga. Tilsvarande fekk fylkeskommunar som fekk auka rammetilskot etter endringane i 2015 berre 1/5 av auken det første året. Sidan 2015 er fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet fasa inn med 1/5 kvart år.